

Vedlegg 7 - Høringsuttalelser fra grunneiere

- Høringsuttalelse fra Lars Bjarte Røynstrand til luftledning alternativ 2
- Høringsuttalelse fra Ivar Kjerland m.fl. med ønske om å utrede kabelalternativ
- Høringsuttalelse fra Nina Kjærland til kabelalternativ (alternativ 3)
- Høringsuttalelse fra Røynstrand m.fl. til kabelalternativ (alternativ 3)
- Høringsuttalelse fra Ivar Kjerland m.fl. til luftledning alternativ 2
- Høringsuttalelse fra Magne Røynstrand / Laila Sægrov til alle alternativ

Svar på informasjon om nytt trasealternativ for ny 132 kv kraftledning Granvin – Bu

Synest tanken med eit nytt trasealternativ siste stykket inn mot trafostasjonen i Granvin er veldig positivt, så mitt ynskje er at de arbeider vidare med dette alternativet.

Ved dette nye trasealternativet er det pr. i dag 5 husstander som vil få linja bort frå husa, og ein som får mastepunkt bort frå enga.

Granvin 21.08.2023

Med venleg helsing

Lars Bjarte Røynstrand

Eigar av G.nr. 618, brnr.1

Kjerlandsvegen 78 og 80

Sv: Leige av grunn til event. riggområde på Stoksel

Ivar Kjerland <ivar@kjerlandgardsbutikk.no>

on. 06.12.2023 13:15

Til: Andreas Janson/Regio360 <janson@regio360.no>

Kopi: per.tautra@bkk.no <per.tautra@bkk.no>; Olav Middtun Kjerland <Okjerland@hotmail.com>; hans.velken@gisp.no <hans.velken@gisp.no>; 'Torstein_kjerland@hotmail.com' <torstein_kjerland@hotmail.com>

Hei.

Beklager at eg ikkje har svara deg før no. Markavegen må etter mi meining takast med i avtale om riggplass. Halve snuhammaren, det vil sei ca ¼ da iflg. dimensjonering i vegnormalen, ligg innanfor det innteikna riggområdet. Resten av arealet som er opparbeida er velteplass for Markavegen.

Eg er kjend med at BKK ynskjer å søkja om konsesjon på 2 alternative linjetrasear frå Kamben og ned til sekundærstasjonen. Trasealternativ 2 er kome istand ut frå at de meiner alt. 1 har negative konsekvensar for nærmiljøet, men alt. 2 er eit dyrare atltenativ. Linja vert bygd for dei neste 100 åra og begge alternativa vil vera ei svært uheldig løysing for framtida.

Her ligg det godt til rette for å leggja linja i jordkabel dei siste 600 m mot sekundærstasjonen. Eg vil difor sterkt oppmoda BKK om å planleggja og konsesjonssøkja eit slikt alternativ. Viser her og til:

"Kabel som alternativ til luftledning" Utgreiing for OED 22.01.2022.

<https://www.bing.com/ck/a?!&&p=a3b90ebd92ded2a6JmldtHM9MTcwMTgyMDgwMCZpZ3VpZD0wYTA0MGRjYi1lMW1lTY0ZTQzMGYyYy0wNGMxZTA1MTY1MGUmaW5zaWQ9NTE4OA&ptn=3&ver=2&hsh=3&fclid=0a040dcb-e1b5-64e4-0f2c-04c1e051650e&psq=kabel+som+erstatning+for+luftledning&u=a1aHR0cHM6Ly93d3cucmVnamVyaW5nZW4ubm8vY29udGVudGFzc2V0cy85ZGFmI3Zml1OGU0YmlyOTdmNDM4ODY5NjU3MDQ2MC9uby9zdmVkl2thYmVsLnBkZg&ntb=1>

Saksa frå kap. 6.1 side 26 i utgreiinga.

"På lavere spenningsnivå (<22 kV) er det små forskjeller i kostnader per km mellom jordkabler og luftledninger. Det samme gjelder for 132 kV i lett terreng."

Det vil truleg vera tidsbesparande for BKK å gå for kabelløysing, då det vil dempa konfliktnivået kring konsesjonssøknaden.

Mvh

Ivar Kjerland

Fra: Andreas Janson/Regio360 <janson@regio360.no>

Sendt: mandag 20. november 2023 10.13

Til: Ivar Kjerland <ivar@kjerlandgardsbutikk.no>

Kopi: Olav Middtun Kjerland <Okjerland@hotmail.com>; 'Torstein_kjerland@hotmail.com' <torstein_kjerland@hotmail.com>; hans.velken@gisp.no <hans.velken@gisp.no>

Emne: Sv: Leige av grunn til event. riggområde på Stoksel

Hei igjen,

Takk for oppklarende epost. Veldig fint at dere er påkoblet alle sammen, da kan vi forhåpentligvis få landet riggavtalen i løpet av kort tid.

Jeg har lagt ved en beskrivelse av hvordan BKK har planlagt bruk av riggområdet i anleggsperioden. I avtaleforslaget som er sendt til Torstein Kjerland og Skogsbilveglaget Stokkselvegen SA, er det lagt til grunn at det leies 2,5 daa i anleggsperioden, i tillegg til at det ryddes et område på ca. 2 daa på Torstein Kjerland sin eiendom.

Kartutsnittet under viser ca. fordelingen av hvor de 2,5 daa er tenkt benyttet. Ut i fra kartet har vi lagt til grunn at snuhammaren er på ca. 1 daa. Videre er det tenkt planert ca. 300 kvm i bakkant mot øst. I tillegg skal det benyttes ca. 1200 kvm langs veien ned mot elven. Det er mulig at deler av arealet ned mot elven skal planeres, men dette vil vi komme tilbake til ved behov.

BKK inngikk avtale med Skogsbilveglaget Stokkselvegen SA og Markavegen i 2016, og snuhammaren inngår i denne avtalen. For enkelthets skyld, og som et minnelig tilbud, har vi likevel tatt med dette arealet i avtalen om leie av riggplass.

For ordens skyld, tenker dere at Markavegen skal tas med i avtalen om leie av riggplass, eller er det Torstein Kjerland som skal ha erstatning for 1200 kvm langs veien, og 300 kvm i bakkant av snuhammaren? Eller er dere eventuelt enige om en annen fordeling her? Det hadde vært fint om vi får avklart dette før vi oppdaterer avtaleforslaget.

Dette riggområdet er viktig for anleggsgjennomføringen, så vi håper vi kan komme i mål med en minnelig avtale med det første. Som nevnt er det fint om dere gir tilbakemelding på fordeling og avtaleparter, og gi gjerne en tilbakemelding på om det fortsatt er slik at alle parter ønsker å inngå avtale om leie. Vi arbeider nå med konsesjonssøknad for prosjektet, så jo flere avklaringer vi har på plass nå, desto bedre underlag har vi for anleggsplanleggingen.

Til orientering vil veien ikke sperres for alminnelig ferdsel eller for andre rettighetshavere, selv om det kan forekomme noe venting ved enkelte aktiviteter. Men vi vil selvsagt legge til rette for at det blir minst mulig ulemper i anleggsperioden.



Med vennlig hilsen

Andreas Janson
Seniorrådgiver grunnnerv
Regio360 Rådgivning

T. 40 87 38 70
E. janson@regio360.no
www.regio360.no



Fra: Ivar Kjerland <ivar@kjerlandgardsbutikk.no>

Sendt: tirsdag 14. november 2023 11:34

Til: Andreas Janson/Regio360 <janson@regio360.no>

Kopi: Olav Midttun Kjerland <Okjerland@hotmail.com>; 'Torstein_kjerland@hotmail.com' <torstein_kjerland@hotmail.com>; hans.velken@gisp.no
<hans.velken@gisp.no>

Emne: Leige av grunn til event. riggområde på Stoksel

Hei.

Leige av grunn til event. riggområde på Stoksel.

Eg forstår det er noko uklarheit i høve til kven som disponerer det eller dei aktuelle areala. Kanskje eg har medverka til dette, eg vil difor prøva å bidra til ei avklaring.

Opphavelag gjekk Stokselsvegen, (Skogsbilveglaget Stokkselsvegen SA), t.o.m. brua. Frå brua var det Markavegen (Veglaget Markavegen). Ved oppgraderinga av vegane i 2012 var det krav om snuplass for vogntog i tilknytning til Stokselsvegen. I arbeidsbeskrivelse-grunnlag for tilbudet, del 1 skogsvei kl.4, heiter det i punkt 13.: Snuplass: Det skal på ende av vei bygges snuplass for vogntog. Se veinormaler for snuplass for rygging og (vedlagt kart). Det var ogso eit moment at det var større sjangse for å utløyse tilskot for veg i vegklasse 4 enn i vegklasse 7 traktorvei, difor vart snuhammaren definert som del av Stokselsvegen.

Arealet Skogsbilveglaget Stokkselsvegen SA disponerer er soleis snuhammaren, ca. 0,5 da. Resten av det opparbeida arealet er velteplass for Veglaget Markavegen. Arealet utanom dette tilhøyrrer Torstein Kjerland.

I ein event. avtale må det takast omsyn til allmenn ferdsel og beitenæringa.

Mvh
Ivar Kjerland

Tilbakemelding på alternativ kabeltrase i Granvin

Andreas Janson/Regio360 <janson@regio360.no>

ti. 30.01.2024 14:14

Til:ninniss59@hotmail.com <ninniss59@hotmail.com>

Kopi:Per Ivar Trollnes Tautra <Per.Tautra@bkk.no>;Eivind Huse <Eivind.Huse@bkk.no>

Hei,

Viser til telefonsamtale nå i sted, angående nytt kabelalternativ inn mot Granvin transformatorstasjon, jfr. også brev av 24.01.24.

Jeg sender som avtalt en kort oppsummering av telefonsamtalen.

Som du informerte om i samtalen, så er du svært positivt til det nye kabelalternativet, og anser det som den beste løsningen for din eiendom. Etter din oppfatning er dette et bedre alternativ enn luftledning i både eksisterende og ny trase, da det ikke kommer i konflikt med bebyggelsen. Videre anser du også det som det beste alternativet med tanke på jordbruk, kulturområder m.m.

Du nevnte også at det kan virke som det er stor enighet blant naboer, men at du skal oppfordre dem til å sende inn egne innspill, da vi ønsker tilbakemelding fra samtlige som er berørt.

Ta gjerne kontakt om du har noen spørsmål, eller om det er noe vi kan bistå med.

Med vennlig hilsen

Andreas Janson
Seniorrådgiver grunnnerv
Regio360 Rådgivning

T. 40 87 38 70

E. janson@regio360.no

www.regio360.no



Uttale vedk.nytt alternativ med kabel siste 600 m inn til trafostasjon i Granvin

Underteikna grunneigarar / berørte partar er svært positive til dette alternativet med kabling dei siste 600 m inn til trafostasjonen i Granvin.

Det i varetek ynskje om å sleppa ha det heilt inn på bolighusa både med tanke på utsyn og nærheit.

Det gjer òg arbeidet med innhausting på landbruksarealet monaleg lettare. Og når det gjeld inngrep i naturen, så er det nærast lik null med dette alternativet.

Granvin 31.01.2024




Einar Richter Hanssen / Gunnhild Kjerland Hanssen

G.nr.618 br.nr.40




Arne M. Kjerland / Magnhild Branstveit

G.nr.618 br.nr.39



Linda Røystrand / Ole Jan Slettemark

G.nr.618 br.nr. 49



Lars Bjarne Røystrand / Grethe Røystrand

G.nr.618 br.nr.1



Hilde Røystrand Fenne / Geir Fenne

G.nr.618 br.nr.50

Vs: Om Risbrua, den gamle almannavegen

Ivar Kjerland <ivar@kjerlandgardsbutikk.no>

ti. 06.02.2024 18:09

Til: Andreas Janson/Regio360 <janson@regio360.no>

Kopi: 'Torstein_kjerland@hotmail.com' <torstein_kjerland@hotmail.com>

 3 vedlegg (5 MB)

Om Risbrua, den gamle almannavegen.pdf; regnskapsskjema_n_2018 (1).pdf; IMG_0642.jpg;

Hei.

Sender etter avtale med Torstein litt dokumentasjon om den gamle almannavegen/tingvegen. Risbrua og gamlevegen til Tveito vart restaurert i 2019. Det var Granvin Idrottslag som stod som byggherre og me oppsitjarane fungerte som prosjektgruppe. Restaureringsprosjektet vart utført av Vikane Entreprenør AS og Olve Kjerland. Byggeleiar var Nils Frøynes. Prosjektkostnaden vart omlag 2 millionar kroner, som vart finansiert med tippemidlar, tilskot frå ymse stiftingar og dugnadsarbeid.

Gamle Tveitavegen er eit kulturminne og i dag ein mykje nytta trim- og turveg. Restaureringsprosjektet er å rekna som eit folkehelseprosjekt/tiltak. Ei plassering av høgspenmast midt i denne vegen og mot Hyrpefossen vil vera særst uheldig.

Mvh

Ivar Kjerland



Om Risbrua den gamle almannavegen




Risbrua i dag 2015

Den gamle brua og namnet

«Riste Broe kaldet», - ja slik står det å lesa om den gamle gangebrua over Hyrpo i eit rettsdokument frå 1783. Idag er nemninga Risbrua med Risbruhølen rett nedanfor.

Dokumentasjon på namnet sitt opphav er usikkert. Tolking kan vera så mangt. Hyrpo er ei hissig flaumelv, og brua har nok *rista* tidt og ofte gjennom tidene. Litt bortanfor, på sjølve vegen under dei store lerketrea i Massahagen, hadde vegen tidlegare ein svak «ryng» eller svakt høgdedrag, som vart kalla Riset, (jfr. å risa seg opp.) I lokal nemning uttala med *é*, - «.. me såg bortpå Rése». Elles veit me at elva Hyrpo kjem som eit skot når det er store nedbørsmengder. Me kan seia at ho *rise* opp og sig nedatt i takt med nedbøren og snøsmeltinga. Så denne delen av namnet som har med seg *ris*, kan ha fleire utspring. Men i alle høve, Risbrua står der ho står den dag i dag, og som ho har gjort i uminnelege tider. Og nett det må vel seiast å vera eit under, når ein tenkjer på dei ofsalege vassmengdene som har kome i Hyrpo fram gjennom tidene.



Trohesjar oppi Risbruhagen ved Risbrua ca. 1880

Kor gamal er brua?

Så lenge det har budd folk og vore drift og aktivitet på andre sida av elva, har det og vore ei bru. I Ættarbok for Granvin, er den første busetnaden på Tveito førd attende til 1603. Stølsdrifta på Stoksel kom truleg i gong tidleg på 1700- talet, kanskje før. Dei første stølane låg høgre opp den tid, noko me kan sjå steintuftene etter den dag i dag, t.d. Hausgardstuftene.

Omlag 100 m ovanfor Risbrua er det framleis murar etter busetnad (husmannsplass) på venstre sida av gangvegen, rett framfor Hyrpefossen. Dei siste som budde nett her, drog til Amerika på 1850-talet, som så mange andre på den tid. Etter dette vart nok husa tekne ned og materialane nytta andre stader. Det var vel ikkje så lysteleg å bu på den trekkfulle plassen, rett i fosseføyka. Det er og fortalt at husbonden (husmannen) ein morgon oppdaga bjørnespor utforbi inngangsdøra. Etter denne hendinga hogg han inn ei svær bile (øks) i dørkarmen, klar til bruk,- så

lenge dei budde der. Det var vel ikkje det minste rart at dei ville flytta frå Risbruhagen av den grunn og. (Fortalt av Sevrin I. Kjerland etter Severin I. Kjerland d.e. (1867-1961.)


Elles hadde Oppetuns-garden vårfloren sin øvst på den rydda teigen fram til 1958. Så i Risbruhagen har vore både næringsdrift og busetnad. Utfrå dette kan ein rekna med at Risbrua har eksistert i meir enn 400 år.



Vårfloren til Oppetuns-garden 1955

Brua og den gamle ferdselvegen – også eit kulturminne

Både brua og vegen oppetter Risbruhagen og vidare til Tveito og andre leia mot Stoksel, vart etterkvart eit hovudsamband mellom bygdene her i eldre tider, og er idag eit prov på kva dei laut greia seg med av transport- og ferdselsvegar før i tida. Men brua og vegen er også eit *kulturminne* som er svært viktig å ta vare på. Den tid sjøen var einaste hovudåra mellom landsdelene, var sambandet Odda-Eide svært mykje nytta. Kunstnarar oppdaga dei fargerike motiv-variasjonane på denne ruta, og søkte til Hardanger tidt og ofte. Dermed vart også gamlevegen Kjerland-Tveito/Stoksel tidleg teken i bruk for fleire av dei mest kjende kunstmålarane. I 1822 laga Johannes Flintoe ein teikning/skisse, der me kan sjå husa (husmannsplassen) ovanfor Risbrua, og dei to bruene, Risbrua øverst og Kjerlandsbrua nærast.




Johannes Flintoe sin teikning frå 1822

Hausten 1889 budde kunstmålaren Fritz Thaulow på Eide. Han tok fleire skisser og laga målarstykke frå omådet her (Røynstrand). Ved eitt høve hadde han stilt seg opp med staffeliet sitt i gamlevegen eit stykke ovanfor Risbrua, kalla Krokjen, ein krapp sving i vegen nedanfor Klyvet. Severin I. Kjerland d.e. var på veg heim frå Stoksel med hest, slede og ein bra stor tømmerstokk. Det var godt snøføre og ei djup renne i vegen etter tømmerstokkane. Thaulow hadde ikkje sans for at bonden med tømmerlass skulle forbi, og nekta ei stund å flytta seg. Men Severin var minst like velvaksen og kraftig som Thaulow, så sistnemnde fann ut etter ei tids akkeding, at det kunne vera like greitt å gje plass til tømmertransporten. Og vel forlikte løyste saka seg der og då. (Attfortald soge frå Sev. I. Kjerland d.e. i 1955.)

Hyrpefossen har vore eit ynda motiv, både for fotografar og kunstmålarar.

Så lenge det var eit Mælends Turisthotel, var det dagvisst at gjestene vart guida til Kjerland, over

Risbrua og vidare mot Tveito og Tveita-stølane. I ein periode på 1960- talet vart turane og lagdevidare til Angerskleiv og heilt til Ulvik. I gamle reiseskildringar har ein lese, at «... *veien om Risbroen, Hyrpefossen, Tveito-gårdene og til sætrene innenfor, var en berikelse både for kropp og sjel.*» Så det er ikkje berre i vår tid at denne turvegen har hatt ein stor rekreasjonsverdi.



Hyrpefossen, målarstykke frå ca. 1880 (ukjend kunstnar)



Gjestene på Mælands Hotel let seg ofte fotografera framfor fossen

Bilete er frå ca. 1915

Risbrua har stått imot mang ein storflaum

I 1933 var her ein rekordstor flaum. Det hadde kome nokså mykje snø i fjella på seinhausten, og så sette det brått inn med mildver styrtregn. Dette var i førstninga av desember, ein laurdag. Det var fest i ungdomshuset Trudvang, og mykje folk var samla. Utpå kvelden skjøna dei to Kjerlandskarane, Knut O. Kjerland og Severin I. Kjerland d.e. at dei laut varsle festlyden, om at det var fare på ferde. Trudvang ligg slik til at både Hyrpo og Storelva kunne bryta seg veg mot

huset. Dei møtte opp i ungdomshuset med kvar si Petromaks-lykt og fekk festlyden ut av huset, slik at folket enno kunne berga seg heim nokolunde turrskodde. Den nybygde jernbanebrua over Hyrpo fekk store skadar. Nedetter langs riksvegen frå Trudvang mot Eide, rann det «ei ny elv», slik at kjellarane under husa på Tråena, ca. 200 m nedanfor, stod overfylte av vatn, og dyra som heldt til der måtte reddast ut. Det var vel då ei sideelv frå Hyrpo som hadde bygt seg opp og fløymt over. Brua over denne elva låg litt nedanfor der Jokerbutikken ligg i dag, og var såleis ein del av riksvegen. Då dei to Tveitokararane, Lars og David, som var på festen i Trudvang såg flaumvatnet i Hyrpo, vart dei engstlege for kor det stod til på heimegardane oppe på Tveito, og ville på heimveg så snøgt dei kunne. Men, kunne dei koma over Risbrua? Nokre av kameratane fylgde dei opp til brua, og dei såg då at flaumvatnet skvulpa over. Dei vart sterkt frårådde til å gå vidare. Viljen til å koma seg heim til Tveito og sjå til heimegarden var så sterk, at dei tok på veg båe to,- og greidde det! Det var eit svært risikofyllt sprang som det vart snakka om i ettertid. Poenget med å ta med denne forteljinga er enkel: den nybygde jernbanebrua i stål, betong og tilhogde steinblokker tolde ikkje flaumen, men det gjorde den gamle Risbrua, bygd av rundtømmer, plankar og naturforma elvestein! Når rett skal seiast, så må det og nemnast at jernbanebrua fekk prøva enno større vassmengder enn Risbrua. Tveitelva møter Hyrpo rett nedanfor Risbruhølen, og Tveitelva er heller ikkje til å spøkja med når det oppstår snøsmeltning og store nedbørsmengder samstundes. Dermed var det både Hyrpo og Tveitelva i lag som gjekk laus på jernbanebrua.

Både Risbru og Kjerlandsbru

Før nåverande riksveg Eide-Voss vart vart bygd ferdig i 1866/67, gjekk vegsambandet frå sjøhamna på Eide og oppetter om Kjerland til nedre Vassenden. Derfrå laut reisande i båt på Granvinvatnet til øvre Vassenden og vidare vegen opp Skjervet mot Voss. På denne vegen er og ei bru på Kjerland, ca. 100 m nord for Risbrua, der Hyrpo og Tveitelva møtest. Denne vert her nemnd som Kjerlandsbru.

I eldre tider kunne det til tider by på store utfordringar å halda vedlike to viktige bruer i same område. Ferdafolk som skulle til og frå Ulvik eller Eidfjord nytta vegen via Kjerland, der Risbrua var heilt avgjerande for å koma seg over Hyrpo-elva. Til Ulvik gjekk vegen om gardane på Tveito-Tveitastølane (Maovotno) og vidare via Vatnaset/Angerskleiv. Når Eidfjørene skulle til Granvin, landa dei båtane sine i Vallavik, gjekk opp lia mot stølane på Dalsete-Stoksel

og vidare ned til Kjerland. I lagleg ver ein tur på omlag 3 og ein halv time. Omlag som Ulvik-
turen. Gamle gangevegen via Risbrua, var såleis eit svært viktig bindeledd mellom dei tre
bygdene Ulvik, Eidfjord og Granvin. Ikkje minst sidan det var i Granvin tingstova låg, der mange
viktige avgjerder vart tekne. Dermed vart det nytta nemninga tingvegen. Igjen eit prov på kor
viktig dette vegsambandet var, og ikkje minst at det då var ei Risbru, som var einaste staden folk
kunne koma seg frå eine landet til det andre på ein skapleg måte. Men vilkåret var sjølvsagt at
brua vart halden vedlike. Dette pliktarbeidet kunne til tider kunne skapa både oppheta diskusjonar
og usemje mellom partane, som hadde fått slikt oppdrag og dei som elles var interessentar i brua.
I Ættarbok for Granvin har forfattaren Henrik Meyer Kvalem referert til følgjande
dokumentasjon om vedlikehaldet av dei to bruene på Kjerland:

*På sumartinget 9. juni 1784 er brukarane på Kjerland, Mass Trondson, Ivar Rikollson, Torstein
Olavson og Per Kristofferson stemna av Elling Jensson Folkedal på vegne av oppsitjarane på
øvre og nedre Folkedal, Århus, Brekke, Hamre og øvre og nedre Røynstrand til å halda bru i lag
med klagarane, etter gamalt bruk, «... derom at lide dom til at betale siste reparasjons
omkostning i vaar, og prosessomkostning». - Klagarane la fram innlegg dat. 25. okt. 1783.
Brukarane på Kjerland møtte. Dei bad tilført at dei ikkje nektar å halda brui på Kjerland vedlike
saman med klagarane, dersom dei vert fri den andre brui «Riste broe kaldet» som dei var
pålagde å halda. Det var grunnen til at dei slutta med å halda i stand Kjerlands-brui. Lagretten
og ålmuken svara på spursmål frå domaren: «at den almindelige vei ligger fra Gravens til
Uldvigs kirker over Kjerlands bro, men elles reiser folket fra Ulvig og Eidfjord her til Tinget
veien om Ristebroen som den snareste».-*

*Saki kom att på hausttinget same år utan noko serleg avgjerd. «Grunden til prosess ikke angit og
proseduren inviklet. Veivesenet anordner hvilke veier og broer folket har at vedlikeholde. Attest
fra generalveimesteren viser hvem av partene Kjerlands bro vedkommen at vedligeholde eller
opbygge. Slik attest bør fremlegges, eller bevislig kontrakt, hvis den omtvistede bro vedkommer
Particulaires, som utenfor den almindeliges nytte eller alfare veie.»*

Når ikkje anna er nemnt, må me rekna med at det vart funne praktiske løysingar på vedlikehaldet,
både på Kjerlandsbrua og Risbrua, slik at sambandet til Ulvik/Eidfjord og Voss ikkje stoppa opp.
Men då som no, ser me kor viktig det er at vegfarande kjem seg fram.

Elvane, fossane, turvegen og tid til litt fiske etter fjellauren

Før i tida, som nå, har elvar og fossefall alltid hatt tiltrekningskraft på folk flest.

Og nettopp ved Risbrua var eit slikt punkt. Hyrpefossen og elva frå Stoksel-dalen på eine sida, og det høge fossefallet frå Tveito-elvane inst i gjelet, der elvane møtest nedanfor Risbrua. I regn og flaumver eit forrykande møte, som har skremt og fasinert både fastbuande og turistar.

Elles kan det nemnast at Kjerlandsfolk nytta ledige stunder til å dra opp ein spreisk fjellaure frå elvane her. Fram til nyare tid gjekk sjøauren heilt opp til Kjerlandsbrua. Mang ein storfisk vart teken på land,- også laks. I Hyrpo var det då tydlegvis gyteplassar, sidan aure og laks søkte attende til elva.



"A glen near Lyde". (Granvin, Hardanger) 1879. W.M. Williams

Fiskar i Risbruhølen 1879

I mange år no, har gamlevegen over Risbrua vorte meir og meir brukt til treningsveg og turgåing.

I turboka oppe på Klyvet, er det namnetrekk pr. dato, side opp og side ned, vinter som vår, år ut og år inn. Gjennom Granvin Turlag sine aktivitetar har det vorte til at fleire og fleire, både

fastbuande og andre har vorte interesserte i koma seg ut i naturen. Så difor må ein kunna seia at her ligg ein betydelig helsevinst for folk som nyttar seg av dette tilbodet. Ikkje minst avdi den ligg så nært og lagleg til, også for dei som vil ha ein tur etter endt arbeidsdag. Og årleg, sist i august, skipar Granvin Idrottslag til konkurranseløp frå Eide til Stoksel, med god deltaking. Mosjonistar og andre interesserte går løypa utan tidtaking. Når alle er komne i mål er det matsservering og underhaldning på sætervollen inne på Stoksel. Men som nemnt, for at slike tilskipingar og den daglege bruken av vegen og brua skal vera forsvarleg, trengst det vedlikehald.

Ei tid var det fast ordning med at brukarane på Tveito og Kjerland møttest til haust- og vårvedlikehald.

Stølsdrifta

Risbrua og gangevegen vidare har så og seia vore nøkkelen til at det har vore råd å halda stølsdrift på Stoksel. Å føra ein tung buskap over ei fossande elv, vår og haust utan ei bru, ville ikkje vore råd. Og nett stølsdrifta var svært viktig for vestlandsgardane fram til 1950- talet. Ei framifrå orientering om dette kan me lesa i Torbjørn Seim si bok, «Om stølane i Granvin», som kom ut i 2013.

Fossekrafta

Rennande vatn og fossefall har til alle tider vore ei drivkraft for folk. Den tid slike krefter ikkje kunne omskapast til elektrisk energi, vart det bygd fossekallar eller store vasshjul med reimdrift til både kvern-steinar og slipe-steinar. I onnene kunne det vera folksamt på slike plasser.



Slipesteinen ved Risbrua. Ved slipesteinen Ivar Vindal (1864-1939)

Togbanen vart bygd

Det vart sjølvsagt ein stor hending for Tveito-folket då togbanen vart bygd i 1939/40. Det letta varetransporten mykje. Etter krigen, med stor byggeverksemd på Tveito, vart all transport utført med denne togbanen. Først driven med vass-hjul, seinare med el. motor. Nedste festet for togbanen ser me attmed Risbruhølen idag. Endestasjon og styrehus står framleis på Jarandsbruket. Ei tid etter at bilvegen kom til Tveito, vart togbanen teken ned.

Risbrua og gamlevegen - bilvegen og den nye tida

Heilt fram til midt på 1960- talet, var gamlevegen om Risbrua, som nemnt, einaste tilkomsten frå Kjerland til gardane på Tveito og stølane på Stoksel. Til Tveito kom det bilveg då. Dette var eit veganlegg som vart påbyrja med hakke, spade og trillebåre under krigen i regi av Arbeidstenesta, som det då heitte. Difor vart vegen opp til Bråvoll (ca. halvvegs til Tveito), i lang tid kalla AT-vegen. Men med stor innsats av grunneigarar, interessentar, kommune, stat og heimevernet (sprengingskurs), vart vegen endeleg ferdig til bruk og opna i 1965. Ei ny tid var komen for folket på Tveito. Men gamlevegen hadde sanneleg gjort nytte for seg i alle desse åra. Her hadde det vore frakta tunge tømmerlass, her hadde vore utført sjuketransportar, mang ei «siste reisferd», dyr til støls og dyr på fjellbeite og annan naudsynt transport. Ikkje minst den ærverdige og viktige kyrkjevegen, og skuleveg for borna på Tveito, i allslags ver og allslags føre. Ein steinfylt og bratt veg som krov god kondisjon, både av folk og fe.

Allsidig bruk av elv, veg og bru



Oppsamla ved frå Stoksel våren 1944

Under krigen låg det eit hogstlag av skogsarbeidarar på Stoksel. Dei verka fram nær 200 mål bjørkeveg (byved/alnaved), som vart fløyta heim på Hyrpo-elva om våren 1944. Veden vart styrt inn på ei ca. 70 cm brei trerenne attmed Risbrua og over hølen med landingsplass tett ved vegen nedanfor.

I 1960 kjøpte David Tveito seg ein Rapid tohjulstraktor, som også vart teken opp gamlevegen til Tveito. Det var vel fire eller fem mann om den jobben. Men Tveitofolket har aldri vore redde for å ta eit tak.

Vilkåret var då som no, at Risbrua vart halden vedlike, slik at det ikkje var noko risiko å ta seg over. Etter det ein kjenner til, har det ikkje vore noko uhell eller ulukke i samband med Risbrua. Det syner at bruka både på Kjerland og Tveito har utvist eit solidarisk ansvar for vedlikehaldet og tryggleiken.

Dugnadsarbeid på brua

Tidleg på 1950- talet vart det støypt på betongbøter på brukara, slik me ser restane av idag. Dette var eit dugnadsarbeid om sommaren, då det var lite vatn i elva. Fleire frivillige «melde seg på» for å hjelpa til. Når me har sett dei mange flaumane brua har stått imot, må det har vore gjort eit svært solid arbeid frå dei tidlegaste tider. Sjølv treverket i brua, har nok vore skifta ut mang ein gong. Men utfrå eit tryggleikssyn idag, er det ikkje tvil om at det no er stor trong for å gjera eit større vedlikehaldsarbeid på Risbrua.

Brua har tildels vorte stengd i det siste, i allefall med klår melding om at all ferdsel over brua skjer på eige ansvar. Som før nemnt, turvegen via Risbrua har vorte så innarbeidd at det så å seia har pressa seg fram «løysingar» for å koma seg over brua, sjølv om ein og annan planke i brudekket har teke til å gå i oppløysing. Eit øksehogg i stökkane som held brua oppe, syner kanskje at desse enno er i nokolunde stand. Men å sjå flaumkreftene mot sjølv bru-fundamenta ein regntung haustdag, kan få folk flest til å stussa på om det er tilrådleg å gå over brua, sjølv ein roleg dag med lita elv.

Difor er det nå mange som har gjeve uttrykk for at det er eit stort sakn å ikkje kunna nytta denne turvegen, dersom Risbrua ikkje held mål lenger. Brua og vegen er oppfatta av folk flest som ein gamal almannaveg som har sin bruksrett, no som før. Difor er det meir enn viktig at Risbrua og gamlevegen vert halden i hevd på ein trygg og forsvarleg måte. Greidde dei det i eldre tider, med

- Høringsuttalelse luftledning alternativ 2 f

Tveito/Stoksel og vidare.

Granvin, 27. august 2015

Magne Røynstrand

Olav Tveito

Knut A. Kjerland

Kraftlinje, Granvin- Bu

Laila Sægrov <magneroe@online.no>

to. 08.02.2024 11:06

Til: Andreas Janson/Regio360 <janson@regio360.no>

 1 vedlegg (14 kB)

Linjetrasè Granvin-Bu.docx;

Eg har fått vita av grunneigarar at det vert planlagt ny kraftlinjetrasè Granvin-Bu.

Eg er ikkje grunneigar i sjølve linjetrasèane, men bur nær opp til desse. Eg ynskjer difor å koma med mine synspunkt. Sjå vedlegg.

Mvh

Magne Røynstrand

Nitunsvegen 39

5736 Granvin

Tlf. 91698365

E-post: magneroe@online.no

Sendt frå [E-post](#) for Windows

Uttale om ny kraftlinjetrasè mellom Granvin og Bu.

Eg er eigar av gnr/bnr 618/11 på Kjerland i Granvin. Eg er ikkje grunneigar i dei framlagde alternativa, men er likevel sterkt berørt av val av kraftlinjetrasè. Difor ynskjer eg å koma med mine synspunkt her.

Utsikta frå bustadhuset mitt mot Granvinfjorden, er sterkt prega av kraftlinjer. I ein avstand på ca 200 m frå huset, er det tre kraftlinjer; overføringslinja til Ulvik, lokal linje til Kjerland/Tveito og overføringslinja til Bu.

Eg meiner alt. 3 med jordkabel i ny trasè vil vera eit svært godt alternativ både for meg, for alle som bur i nærleiken av noverande luftspenn, og for heile området. Det er tett med linjer ut frå transformatorstasjonen i eit trongt dalføre, og dette set sitt preg på det visuelle biletet. Det er difor eit svært godt alternativ å få linja til Bu lagt i kabel.

Eg vil gå sterkt imot alternativ 2, ny trase ut frå transformatorstasjonen i Granvin. I dette alternativet vil linja gå så og seia parallelt mellom overføringslinja til Ulvik og den lokale linja til Kjerland/Tveito dei første 400 m. Dette vil dominera dette området fullstendig. Eg vil då få tre kraftlinjer tett opp til min eigedom. Dette er heilt uakseptabelt. Dette vil og forringa verdien av min eigedom. Dersom alternativ 3 med jordkabel ikkje vert realisert, må linja gå i noverande trasè !

Magne Røynstrand

Nitunsvegen 39

5736 GRANVIN

Tlf. 91698365

E-post: magneroe@online.no